

Johnny Ystebø  
Valdersnesvegen 18  
5939 SLETTA

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 20/5833 - 22/21152

Saksbehandlar:  
Marie Rekdal Skogrand  
[marie.skogrand@alver.kommune.no](mailto:marie.skogrand@alver.kommune.no)

Dato:  
14.03.2022

## **Landbruksak GBNR 499/8 Ystebø - Svar på søknad om riving av steingard**

**Administrativt vedtak: Saknr: 281/22**

### **VEDTAK:**

**Med heimel i forskrift om produksjons- og avløysartilskot i jordbruket gjev Alver kommune Johnny Ystebø løyve til å fjerne sørlege del av omsøkt steingard på GBNR 499/8.**

### **Vilkår**

- **Dersom det kjem fram kulturminner under arbeidet må alt arbeid stoggast og Vestland fylkeskommune varslast.**
- **Det vert kun gjeve løyve til fjerning av den sørlege delen av den omsøkte steingarden, som vist i kart i saksutgreiinga.**

### **Saka gjeld**

Johnny Ystebø sökte 24.02.2020 om å fjerne ein steingard på GBNR 499/8, med grunngjeving at steingarden står unaturleg til og at det er ønske om å planere ut området til beite. Steingarden består i dag av to deler, med eit opprom på om lag 20-30 meter i mellom den nordlege og den sørlege delen. Steingarden er rast ut fleire stader og er delvis skada av røter som veks inn under muren, dette gjeld særleg den sørlege delen.

Kulturavdelinga har vore på synfaring 9.12.2021 og har gjeve uttale i saka. På grunn av snøforholda ved synfaringa har kulturavdelinga kun sett den nordlege delen av muren, og har ikkje vore klar over at steingarden strekker seg over ein større del av eigedommen. Kulturavdelinga har rådd til at det ikkje vert gjeve løyve til fjerning av det som står att av steingarden, ut frå følgjande grunngjeving: «Me kan ikkje sjå at den delen av steingarden som står att vil føra til særlege ulemper for drifta på garden då den berre strekkjer seg over ein liten del av den aktuelle eigedommen.»

### **Alver kommune**

Postboks 4, 5906 Frekhaug  
Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00

[post@alver.kommune.no](mailto:post@alver.kommune.no)  
[www.alver.kommune.no](http://www.alver.kommune.no)

Kontonummer: 3207 29 30559  
Organisasjonsnummer: 920 290 922


## VURDERING:

Forskrift om produksjonstilskudd og avløsertilskudd i jordbruket §4 tredje ledd seier at «Tilskuddet skal avkortes dersom det på, eller i tilknytning til arealet foretaket disponerer foretas inngrep som forringar kulturlandskapet. Det skal likevel bare avkortes for inngrep på eiendom som foretaket helt eller delvis disponerer. Dersom annet regelverk ikke er til hinder for det, kan kommunen likevel forhåndsgodkjenne inngrepet dersom det avhjelper betydelige driftsmessige ulemper.»

Landbruksavdelinga er samd i at den nordlege delen av steingarden (mot 499/3) ikkje kan seiast å medføre særlege ulemper for drifta. Steingarden ligg på ein bakketopp og arealet er i bruk som beite på begge sider av steingarden. Steingarden har ikkje nokon funksjon i dag, men er heller ikkje til betydeleg ulempe.

Når det gjeld den sørlege delen av steingarden ligg denne i grensa mot skog som det no er planlagt å hogga. Skogen ligg inneklemt mellom steingarden, ei særslig bratt skråning og ei luftline. Dette gjer det krevande å få tatt ned skogen. Den naturlege løysinga vil vere å ta ned trea over det arealet der steingarden står i dag. Landbruksavdelinga meiner at når steingarden er til hinder for å ta ned hogstmoden skog må dette seiast å vere ei betydeleg driftsmessig ulempe.

På bakgrunn av vurderingane over gjev landbruksavdelinga løyve til fjerning av den delen av steingarden som er til hinder for å hogga skogen, det vil seie den sørlege delen av steingarden, som vist i kart.



Figur 1. Del av steingard mot sør kan fjernast (blått). Det vert ikkje gjeve løyve til fjerning av nordlege del (raud).

## Regelverk

- Forskrift om produksjonstilskudd og avløsertilskudd i jordbruket

## Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

## Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjenvært.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: «20/5833»

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Landbruk

Laila Bjørge  
Avdelingsleiar

Marie Rekdal Skogrand  
Sakshandsamar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Johnny Ystebø

Valdersnesvegen 18      5939      SLETTA